



DEN NORSKE KYRKJA
Årdal kyrkjelege fellesråd

FORNYINGS-, ADMINISTRASJONS-
OG KIRKEDEPARTEMENTET

15 SEPT 2010

SAKSNR: 201001734-114

Fornyings-administrasjon- og kirkedepartement
Postboks 8004 Dep.

0030 OSLO

Vår ref. 10/1075-2	Dykker ref.	Sakshandsamar Johanne Molland	Direktenr 57 66 51 84	Arkiv KFN-501	Dato: 10.09.2010
-----------------------	-------------	----------------------------------	--------------------------	------------------	---------------------

Høyring - endringar i gravferdslov og kyrkjelov

Årdal kyrkjelege fellesråd viser til høyringsbrev og høyringsnotat av 30.juni 2010 med forslag til endringar i gravferdslova og kyrkjelova.

1. Forlag til endringar i gravferdslova

Den lokale kyrkja forvaltar i dag ansvaret som lokal gravferdsmyndighet på ein måte som ivaretek behov for heile befolkninga uavhengig av om ein tilhører Den Norske kyrkja eller eit anna trussamfunn eller har eit anna livssyn. Fellesråda ivaretek slik ei offentleg oppgåve på vegne av samfunnet og dette er sjølv sagt Fellesråda klar over. Det gjeldande lovverket er på dette område fleksibelt og open for lokale samarbeidsløysingar mellom kyrkja og kommunen til beste for innbyggjarane.

Av høyringsnotatet går det fram at bakgrunnen for endringsforsлага er å legge betre til rette for å ivareta behov som religiøse og livssynsmessige minoritetar har i samband med gravlegging. Høyringsnotat og forslaga til lovendringane har svært liten fokus på endringar i dagens lov som kan imøtekome behov og ynskjer som ikkje er grunngjeve ut frå religion eller livssyn, men behov som er av meir allmenn kulturell karakter. Av forslaget går det vidare fram at gravlegging skal skje med respekt for religion eller livssyn til avdøde. Men gravlegging bør skje med respekt for alle ynskje dei pårørande har uavhengig av kva religion og livssyn dei einskilde har.

Postadr.:	Telefon:	57 66 50 00	Bankgiro:	Org.nr	E post:	Heimeside
Årdal kyrkjelege fellesråd Postboks 41 6881 Årdalstangen	Telefaks:	57 66 50 15	3730.02 68715	976996127	postmottak@ardal.kommune.no	www.ardal.kommune.no

Det vil vere uklare grenser mellom kulturelle og religiøse grunnar for ynskje i forhold til gravlegging og alle ynskje vil uansett ikkje kunne innfrys til ei kvar tid. Derfor er det slik at dei religiøse og livssynsmessige perspektiva berre er / vil vera eitt av fleire aspekt som bør takast hensyn til i møte med kvart eiskild individ.

Årdal kyrkjelege fellesråd støttar eit lovforslag som gjev utvida plikt til lokal gravferdsmyndighet, men vil peike på at ei slik utviding av plikter i mange høve vil gje auka investerings- og driftskostnader. Fellesrådet reagerer på at departementet i høyningsnotatet undervurderer dei auka kostnadane som vil fylge med ein lovbestemmelse om at gravlegging skal skje med respekt for avdødes religion eller livssyn. Usikkerheit knytta til økonomiske konsekvensar er også relatert til dei endringar ein legg opp til ved at ein rimeleg andel av ledige graver skal vere særskilt tilrettelagte graver som imøtekjem minoritetane sine behov.

Det blir svært utfordrande for Fellesråda som gravferdsmyndighet å forvalte eit så ope definert ”tilbod”. Her bør det kome klarare definerte retningslinjer som Fellesråda kan forholde seg til.

Ei utviding av tidsfristen for gravferd og kremasjon vil gje gjennomsnittleg lengre lagringstid for kiste,dette vil kunne krevje behov for auka kapasitet og kvalitet på kjølerom i kommunen som igjen fører til auka kostnader som heller ikkje er omtala i høyningsforlslaget.

Det er kommunen som i eige budsjettvedtak skal løyve midlar til fellesrådet si verksemd, jfr. §15 i kyrkjelova. Det bør vurderast om kommunen skal vedta to særskilte bevilgningar ;til kyrkjeleg formål og gravferdsforvaltningen. Det vil tydeleggjera for både kommune og kyrkja den prinsipielle skilnaden det er på kyrkjeleg formål og gravferdsforvaltning.

Årdal kyrkjelege fellesråd støttar forslaget til nytt tredje ledd i §23 om at gravferdsforvaltningen skal innby trus-og livssynssamfunn som er virksomme lokalt til eit møte. Også andre relevante instansar bør innkallast til dette møte for å sikre at alle innbyggjarar får lagt fram sine interesser og behov.

Årdal kyrkjelege fellesråd støttar forslaget om endring av §6 som innebærer at fellesrådet i heimkommunen får ei plikt til å dekke kostnader for gravlegging i særskilt tilrettelagt grav når heimkommunen ikkje sjølv har eit slikt tilbod. Då slik gravlegging vil kunne føre til høge kostnader, vert det behov for auka bevilgning frå kommunen.

Fellesrådet har forståing for at benemninga kyrkjegard vert erstatta med gravlund. Det er positivt at anlegg som ligg ved kyrkjebygg framleis kan kallast kyrkjegard.

Når det gjeld vigslingssermonien som har vore nytta i Den Norske kyrkja støttar Fellesrådet dei endringane som vert foreslegne i høyningsnotatet. Det er også positivt at høyningsnotatet presiserer at det bør leggast til rette for særskilt gravlegging utan at dette skal innebære reservasjon av eigne felt for bestemte trus-og livssynssamfunn eller religionar.

Årdal kyrkjelege fellesråd støttar forslag til endring i §10,§12 og §13 som utvidar fristane for gravferd og kremasjon.

Fellesrådet ser behov for gjennomgang av systemet med betaling ved gravferd og ein gjennomgang av forhold vedk. kostnader og betaling mellom kommunane knytta til gravferdsverksemd,med bakgrunn i forslag om endringar i §6.


2. Forslag til endringar i kyrkjelova

Årdal kyrkjelege fellesråd har ingen merknader til endringar knytta til ny organisering av prestetjenesta eller at begrepet prestegjeld vert teke ut av kyrkjelova.

Årdal kyrkjelege fellesråd har forståing for at departementet ynskjer utvida adgang til å foreta tilpasningar i bestemmelsane om kyrkjeleg fellesråd. Det er likevel viktig at slike tilpasningar vert gjort etter ynskje frå Fellesråda sjølv og med lokal tilpasning. Det er nødvendig at slike prosessar kan bruke god tid og at Departementet lagar ordninger for økonomisk støtte.

Med helsing

Årdal kyrkjelege fellesråd



Oddbjørn Einan
-leiar-



Johanne Molland
-kyrkjeverje-
57 66 51 84
johanne.molland@ardal.kommune.no